



Skattekart og ein raud tråd førte alle fram til skatten.

Torsdag fekk barnehagen besøk av ei lokal utgåve av kaptein Sabeltann. Det var lærlingen Kåre som gjekk inn i rolla og laga til skattejakt for borna på avdelingen Bamsebu. Ein raud tråd frå barnehagen til Skulestranda førte alle fram til skatten.

På vegen måtte borna innoom ulike postar og svara på spørsmål. Turen enda på stranda i Stølavikjo der ein fann skatten. Skatten var slik at den kunne etast og delast. På lunsjen etterpå åt alle borna steikte rottehalar og saftis.

Barnehagen vil med dette vesle innlegget ynskja alle i bygda god sommar.

Tekst/foto: Hanne Saghaug Kroka - avdelingsleiar
Nett: Kristian Bringedal



Alle borna på avdelingen Bamsebu fekk vera med på skattejakt på torsdag i veka som var.